



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
07.07.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/8219 542.1
Dykkar referanse

Austefjorden Smolt AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Rapport frå inspeksjon ved Austefjorden Smolt AS 23. juni 2015

Rapportnummer: 2015.004.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå Austefjorden Smolt AS:
Ivar Emil Sangholt

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Britt Solheim og Sissel Storebø

Frå Strømsnes Akvakultur AS:
Klaus Nyhammer

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik og har gitt 3 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll for ytre miljø
- farleg avfall

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Austefjorden Smolt AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 1. desember 2015 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Ivar Emil Sangolt

1. Informasjon om verksemda

Namn: Austefjorden Smolt AS	Risikoklasse: 4
Besøksadresse: Kvernavika i Sund	
Postadresse: Ulvøyvegen 130, 5337 Rong	
E-post: ob@blomsea.no	Telefon: 56385060
Kommune: Sund	Organisasjonsnr.:
Bransjenr. (NACE-kode): 03.222 - Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur	Eigar (org.nr.): 951790850
Løyve sist oppdatert: 13. august 1999	Siste tilsyn:

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. desember 2015 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. desember 2015, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Austefjorden Smolt AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 og e-post 11. juni 2015. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4 700 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 13. august 1999

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll for ytre miljø

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 4 og § 5, andre ledd punkt 4, 6 og 7

Kommentarar til regelverket

Den som er ansvarleg for verksemda skal sørgje for at det blir innført og utøvd internkontroll i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar. Dette inneber systematiske tiltak for å sikre at regelverket, blant anna på forureiningsområdet blir følgt. Rutinane skal vere skriftlege.

Miljømål, § 5 punkt 4

Verksemda skal setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødige forureining av det ytre miljø. Måla skal gjelde for anlegget/lokaliteten, og dei skal vere konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

Risikovurdering, § 5 punkt 6

Ei risikovurdering skal kartleggje problem og farar for utslepp til ytre miljø og innehalde planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetane til verksemda som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft. Det er viktig å setje akseptkriterier for å klargjere kva som er akseptabel risiko og kva hendingar som krev risikoreduserande tiltak. Risikovurderinga skal munne ut i ein handlingsplan med tiltak for å redusere risikoforholda. Handlingsplanen og planar for tiltak skal ha tidsfristar og må sei kven som er ansvarleg for at dei vert gjennomførte.

Risikovurderinga skal utarbeidast i samarbeid med dei tilsette. Dette er viktig for at alle skal få eigarskap til prosessen, og for at alle farar skal bli vurdert. Prosessar som bør vere med i risikovurderinga til verksemda for ytre miljø, er mellom anna:

- Tidlegare hendingar
- Mogelege/sannsynlege hendingar
- Hendingar som mest sannsynleg ikkje vil skje, men der konsekvensen er stor om det skjer

Skriftlege rutinar for å unngå utslepp til ytre miljø, § 5 punkt 7

Internkontrollforskrifta krev at verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø-, og tryggleikslovgjevningen.

Arbeidsrutinar må dokumenterast og systematiserast slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Avvikshandtering, § 5 punkt 7

Det skal vere eit system for avvikshandtering, det vil sei ein skriftleg rutine for korleis verksemda avdekkjer, rettar opp og førebyggjer brot på HMS - krav i lover og forskrifter. Skriftleg melding om avvik er naudsynt, slik at ein kan sikre at avvik vert retta opp og for å førebyggje liknande hendingar.

Substitusjon

Alle verksemdar som bruker produkt som kan medføre skade for helse og miljø, skal vurdere om det er mogleg å erstatte dette med produkt som er mindre skadelege, jf. produktkontrolllova § 3a.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Internkontrollen til Austefjorden Smolt AS er mangelfull, jf. punkta under.

- Det er ikkje sett miljømål for anlegget for kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drift av anlegget. Verksemda har sett mål for HMS og IK-akva.

- Det er ikkje utført miljørisikovurderingar med tilhøyrande handlingsplan for å forebyggje at anlegget gir uakseptabel forureining av resipienten. Det er gjennomført risikovurderingar for fiskevelferd.
- Verksemda har i liten grad utarbeidd skriftlege prosedyrar for arbeidsoperasjonar som kan medføre fare for utslepp til ytre miljø. Verksemda kunne ikkje dokumentere følgjande skriftlege prosedyre:
 - Prosedyre for dødfiskhandtering
 - Prosedyre for avvikshandtering
 - Prosedyre for arbeidet med risikovurderingar
 - Prosedyre for substitusjon av kjemikal/legemiddel.
 - Prosedyre for avfallshandtering og handtering av farleg avfall

Avvik 2: Handtering av farlig avfall er ikkje i samsvar med regelverket

Avvik frå: Avfallsforskrifta kapittel 11, § 11-8, § 11-12

Kommentar til regelverket

Vidarelevering til godkjent mottakar, § 11-8

Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong kvart år dersom den totale mengda farleg avfall overstig 1 kg.

Farleg avfall, som til dømes spillolje, batteri, lysrør, spraybokser skal handterast som farleg avfall og leverast godkjent mottak.

Leveringsplikt, § 11- 12

Det farlige avfallet skal deklarerast ved levering til godkjent mottak.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda kunne ikkje dokumentere å ha levert farleg avfall til godkjent mottak i form av deklarasjonsskjema.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1:

Krav om varsling til Fylkesmannen ved akutte utslepp manglar i beredskapsplanen.

Kommentarar:

I utsleppsløyve av 13. august 1999 punkt 8.2, er det vist til at dersom det oppstår akutte utslepp, skal Fylkesmannen varslast så snart som mogeleg. Denne plikta var ikkje dokumentert i beredskapsplanen til verksemda.

Merknad 2:

Sikkerheitsdatablada var av eldre dato og ikkje oppdaterte.

Kommentarar:

Sikkerhetsdatablenda på Formalin og Ensill var datert tilbake til 2005 og 2006.

9. Andre forhold

Austefjorden Smolt AS er nyleg kjøp opp av Blom Fiskeoppdrett AS (51%).

Det var ikkje fisk i anlegget ved tilsynet. Ny produksjon av aure vert sett ut i juli 2015. Det er normalt liten produksjon i anlegget sommarstid, då det er problem med vassmengdene frå Kvernavikvatnet.

Påverknad på resipienten

Verksemda har ikkje gjennomført ein resipientgransking i område for å dokumentere tilstanden i resipienten og for å skaffe seg kunnskap/oversikt over korleis aktiviteten ved anlegget påverkar resipienten.. Det er ingen reinsing på utslippsvatnet.

Det vart under tilsynet opplyst at verksemda vil søkje om utvida ramme for utsleppsløyve frå 200 000 setjefisk a ca. 100 gram til 500 000 setjefisk. Ny reguleringsplan er godkjent i kommunen og søknad til NVE om yttarlegare regulering av Kvernavikvatnet er under arbeid. Det er planar om å etablere ny demning i Kvernavikvatnet for å kunne auke produksjonen av fisk.

Verksemda bør ha kjennskap til korleis anlegget påverkar resipienten. Dette er viktig for å sikre at belastninga er akseptabel, i tråd med regelverk og med verksemda sine egne kriteri for kva som skal godtas.

Fylkesmannen ser det som naturleg at resipientgransking vert gjennomført før søknad om utvida rammer for produksjon av setjefisk ligg føre. Omfang og frekvens på granskinga skal vera tilpassa tilstand og risiko for resipienten og miljøet kring anlegget.